

REFERAT FRÅ STYREMØTE 21. JANUAR 2013

Stad: Rådhuset i Askøy, formannskapssalen

Desse møtte: Ordførarar og styreleiar Ove Bernt Trellevik, Ordførar Eli Berland, varaordførar Roald Steinseide, ordførar Otto Harkestad, rådmann Odd Magne Utkilen, rådmann Siri Fahlvik Pettersen, Rådmann Stig Arne Thune, rådmann Steinar Nesse,

Sekretariat: Per Hillestad, Anne Grete Hareide (ref.) og Vignleik Brekke

Dessutan møtte: Torgeir Sæter

01/13 Referat frå møtet 03.12.12

Vedtak:

Vedtaket i sak 36/12 vart endra til: Kommunane i regionen vert invitert til å ta del ei mogelegheitsstudie/utgreiing av ulike modellar for kommunestruktur med fordelar og ulemper samt søknad om finansiering av slik utgreiing.

Referatet elles er godkjent

02/13 Interkommunalt samarbeid og kommunestruktur

Vedtak:

1. Styret i Regionrådet Vest syner til sitt vedtak 3. des. 2012 og inviterer kommunane til å inngå i ein søknad der ein søker Staten v/Kommunal og Regionaldepartementet og Fylkesmannen i Hordaland om økonomiske midlar til ei mogelegheitsstudie av ulike modellar for kommunestruktur med fordelar og ulemper.
2. Styret i Regionrådet Vest tilrår at den einskilde kommune gjer fylgjande

VEDTAK

1. kommune sluttar seg til at det vert sett i gong eit prosjekt omkring interkommunalt samarbeid og mogelegheitsstudie av ulike modellar for kommunestruktur.
2. kommune seier seg samd med at det vert søkt om løyving frå Kommunal og Regionaldepartementet og Fylkesmannen i Hordaland til finansiering av prosjektet.
3. Kommune seier seg samd med at Tinget i Vest drøftar grunnlaget for eit slikt prosjekt og gjev føringar for arbeidet.
4. Styret i Regionrådet Vest er styringsgruppe for prosjektet.
5. Styret i Regionrådet Vest får fullmakt til å ta stode til prsjektleiing.

03/13 Kartlegging av strandsone og kommunedelplan næringsareal

Det vart informert om at Gerhard Inge Storebø vil vere prosjektleiar for arbeidet med planen i det vidare arbeidet. Ein vil søke å samkøyre prosessen med kommunane i Bjørnefjorden.

Vedtak:

Sak om strandsone og kommunedelplan næringsareal vert lagt fram for kommunestyra med den innstillinga som ligg i saka.

Eit punkt 4 blir lagt til innstillinga: Saka blir å sjå som ei oppstartsmelding til arbeidet med kommunedelplan.

Saka vert sendt den einskilde kommune for vidare handsaming

04/13 Søknad om skjønsmidler

Vedtak:

Styret godkjenner at det vert søkt skjønsmidler til fylgjande prosjekt:

Betre saman for barna kr. 600000

Plan og byggesak

Delprosjekt: Strandsonekartlegging	kr. 300000
Næringsareal	kr. 300000
Fellesportal plan og byggesak	kr. 250000
Felles landbrukskontor	kr. 200000

05/13 Sak om bygningsvernkonsulent

Vedtak:

Styret går inn for stillinga som bygningsvernkonsulent med den skisserte finansieringsplanen i ein 3 års periode. Det vert søkt Fylkesmannen årvisst om finansiering.

Stillinga vert evaluert etter 3 år

Saka vert handsama i den einskilde kommune.

06/13 Meldingar

- Referat frå IKKUS møte
- Årsmelding Plan- og byggesak

- Årsmelding Betre saman for barna
- Torgeir Sæter er tilsett som fagsjef i Askøy kommune. Han held fram som prosjektleiar for Betre saman for barna, medan Gerhard Inge Storebø tek over som prosjektleiar for Plan og byggesak i opptil 50% stilling.

Vedtak:

Styret tek meldingane til orientering

07/13 Eventuelt

Fjell kommune orienterte om oppseiing av sløkkjeavtale motteke frå Bergen kommune vedkommande Sotra Brannvern.

Askøy kommune kan gjeva tilbod om sløkkjeavtale.